

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.09.2015

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Iver Fiksdal frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon av NDLA og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen og styret, ber om at dei også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon av NDLA er klar frå Deloitte si side innan 16.11.2015, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og styret i NDLA sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
2. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen og styret, ber om at dei også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
3. Informasjonen vert teken til orientering.